



Nasjonalbåt med vind i segla

PASSAR TIL ULIKE BRUK: Oselvaren blir mellom anna brukt til å kappsegla, men forfattaren meiner båttypen passar til mange ulike bruk.

FOTO: KAREN ANDERSSON

– Båtar er noko av det mest sentrale i norsk kulturarv, men til no har dette ofte blitt oversett. Det er noko me må prøva å retta på, seier Kjell Magnus Økland.

Økland er i ferd med å sluttföra eit stort bokverk om oselvaren – båten som er kåra til Noregs nasjonalbåt.

– Målet er å auka forståinga for Noreg som kystnasjon der båten og det maritime er heilt sentralt, seier Økland.

I over ti år har tysnesingen arbeidd med ei bok om oselvaren. No nærmast han segslutten. Manuset er på fleire hundre sider. Bodoni Forlag i Bergen skal gi ut boka saman med Oselvarklubben.

Oselvarklubben blei stifta i 1945 og er ein nasjonal klasseklubb for dei regattariga oselvarbåtane og seglarane deira. I 2009 blei denne båttypen kåra til Noregs nasjonalbåt med over 115.000 stemmer i ei kåring i regi av Redningsselskapet.

Særeigen båt

Oselvaren er ein klinkbygd, tradisjonell trebåttype frå Hordaland som har røter fleire tusen år tilbake i tid.

– Noko av det som skil oselvaren frå andre trebåtar er at færingane berre er bygd av tre overlappande bordgangar, altså tre etasjar med bord, fortel Økland.

Området rundt Bjørnefjorden er kjerneområdet for båtbyggetradisjonen til oselvaren, men Økland fortel at båten blei brukt mellom Bømlo i sør og Gulen i nord. Dei fleste båtbyggjarane heldt til på Tysnes, Austevoll og i Os.

Opphavet til omgrepet oselvar er litt uklart, men Økland slår fast at det heng saman med stadtene Osey og båtbyggjarane Jørgen og Lars Todal som heldt til der på 1700-talet.

– For å koma fram til nausta deira, måtte folk ro opp mot elvestraumen i Oselvo. Om det er Jørgen og Lars som har funne på namnet eller om det er

folk som har referert til båtane deira som oselvarar, er litt dunkelt, men det er i alle fall dette som er samanhengen.

Lang utviklingshistorie

Økland tek for seg trebåtbyggjartradisjonen heilt frå dei eldste tider og fram til i dag.

– Det eldste norske arkeologiske funnet av klinkbygde båtdelar er frå rundt Kristi fødsel, fortel han og viser oss eit bilet av ein 2.000 år gammal keip frå Radøy.

Gokstadfaeringen, ein av småbåtane som blei funnen saman med Gokstadskipet, har også mange likskapstrekk med oselvaren, legg han til.

Innheldet i boka spenner frå historie og arkeologiske spor til informasjon om båtbyggjarane og bruken av båten for og no. Boka inneholder også ein meir praktisk del med råd og tips til bruk og stell av oselvaren.

Frå livberging til livsglede

Medan den historiske delen tek for seg korleis oselvaren tidlegare blei brukt som bruksbåt til fiske, frakt og livberging på ulike vis, tek neste bok for seg moderne bruk av oselvaren.

– I motsetnad til livberging, snakkar me då om korleis båten blei brukt til livsglede, seier forfattaren og fortel korleis overklassen i Bergen tildeig på 1800-talet koste seg med roturar på fjorden.

Lystbruken utvikla seg etter kvart til sportslege aktivitetar som kaproeing og kappsegling.

– Kaproeing på Store Lungegårdsvann 17. mai var til dømes hogdepunkt for folk flest i Bergen rundt midten av 1800-talet.

Litt seinare på 1800-talet dukka dei første re-



HISTORISK

Det eldste norske arkeologiske funnet av klinkbygde båtdelar er frå rundt Kristi fødsel.

KJELL MAGNUS ØKLAND
FORFATTAR

gattaene med oselvar opp. Etter kvart førtre dette til ei vidareutvikling av båten. Nokre blei spesial-laga til kaproeing, andre til kappsegling.

– I OL i Atlanta i 1986 hadde vinnarane i toar utan styrmann ein snittfart på 10,2 knop. Til samanlikning kunne roarane med oselvarar på 1950-talet her i landet oppnå ein toppfart på om lag 9 knop, seier Økland for å illustrera kor langt spesialiseringa gikk.

Tilsvarande spesialisering blei også gjort med seglbåtane.

Sidan 1978 har det vore arrangert årlege norgesmeisterskap i kappsegling med oselvar.

Venteliste på nye båtar

På Os blir den gamle båtbyggjartradisjonen framleis fort vidare. Sidan 1997 har Oselvarverkstaden bygd oselvarar på bestilling. Verkstaden blir driven med støtte av Os kommune og Hordaland fylkeskommune.

– Dei har ventelister frå folk som ønskjer seg oselvarar. Ein av dei som har arbeidd på Oselvarverkstaden har også byrja å byggja oselvarar for seg sjølv, fortel Økland. Han meiner oselvaren er ein allsidig båt som passar for mange ulike brukarar.

– Aktivitetsnivået kan tilpassast både usikre nybyjarar og folk som søker det ekstreme.

Han håper boka om oselvaren vil bidra til ei fornya interesse for den tradisjonsrike trebåten og at fleire oppdagar den rike kulturarven norske små bruksbåtar representerer.

Oselvarklubben arbeider med å skaffa trykkinnsourcing, men for Økland set sluttstrek på bokmanuset, vil han gjerne koma i kontakt med folk som har gode historier om båten.

– Ofte ligg det noko bak hos folk som skaffar seg denne typen båt, seier han og oppmodar folk som sit på gode forteljingar til å ta kontakt via www.oselvarbok.no.

MARGUNN SUNDFJORD, NPK
redaksjonen@nationen.no